

ZEPHYR AS
Kalnesveien 5

Vår dato: 08.07.2020
Vår ref.: 200704150-207
Arkiv: 511
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Thomas Mo Willig
22959377/tmwi@nve.no

Zephyr AS – Avslag på søknad om utsett frist for idriftsetting for Innvordfjellet vindkraftverk

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) viser til søknad av 30.12.2019 frå Zephyr AS om utsett frist for idriftsetting for Innvordfjellet vindkraftverk frå 31.12.2020 til 31.12.2023. Innvordfjellet vindkraftverk er lokalisert i Flatanger og Namsos kommune, Trøndelag fylke.

Vedtak

NVE avslår søknaden om å utsette frist for idriftsetting av Innvordfjellet vindkraftverk frå 31.12.2020 til 31.12.2023.

Historikk

Zephyr AS sendte melding til NVE om Innvordfjellet vindkraftverk 27.03.2007. På grunnlag av meldinga fastsette NVE eit utgreiingsprogram 04.12.2008.

NVE tok imot konsesjonssøknaden om å bygga og driva Innvordfjellet vindkraftverk 01.09.2010. Søknaden vart sendt på høyring 29.09.2010 og Zephyr AS fekk konsesjon for Innvordfjellet vindkraftverk 12.12.2014. Konsesjonsvedtaket vart påklaga og oversendt til Olje- og energidepartementet (OED) 29.05.2015. OED stadfesta NVE sitt vedtak 22.03.2018. I vedtaket la OED til eit vilkår om hubroundersøking. Den 04.01.2019 godkjente NVE eit undersøkingsprogram for hubro med varighet til og med våren 2020.

NVEs praksis for frist for idriftsetting av landbasert vindkraftverk

NVE handsamar søknadar om endringar av vilkåra i ein konsesjon med grunnlag i energiloven § 10-4 andre ledd. I forarbeida er det blant anna uttalt at endringar etter søknad frå konsesjonæren «*kan være aktuelle dersom konsesjonæren kan påvise at et tyngende vilkår ikke lenger fremmer sitt formål eller at fordelene ved et vilkår ikke lenger står i forhold til omkostninger det medfører for konsesjonæren*».

Alle vindkraftkonsesjonar har vilkår om at anlegget må vere satt i drift innan ein fastsett frist. NVE viser til at det er normal praksis at fristen for idriftsetting av eit vindkraftverk vert satt til fem år frå konsesjonstidspunktet. I tråd med det politiske ynskje om å leggja til rette for landbasert vindkraft i Noreg i samband med elsertifikatorordninga, har NVE i dei fleste konsesjonar som er gitt etter 2012 satt

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

frist for idriftsetting lik tidspunktet for avslutninga av elsertifikatorordninga. Dette var først 31.12.2020, før det seinare vart endra til 31.12.2021.

27.11.2019 sendte NVE brev til alle konsesjonærar og informerte om ny praksis ved handsaming av søknadar om utsett frist for idriftsetting av landbasert vindkraft. I brevet varsla NVE at fristar for idriftsetting normalt ikkje vil forlengast utover 31.12.2021. Brevet viser til omtale av fristar for realisering av vindkraftanlegg i Stortingsmelding 25 (2015-2016) *Kraft til endring – Energipolitikken mot 2030*. På dette grunnlag gir ikkje NVE utsett frist til idriftsetting for landbaserte vindkraftverk utover 31.12.2021, med mindre det føreligg heilt spesielle forhold.

NVE viser i denne samanhengen også til Stortingets vedtak av 19.06.2020:

Stortinget ber regjeringen innenfor gjeldende regelverk ikke gi forlenget frist for idriftsettelse utover 31.12.2021 for vindkraftverk på land som i dag har gyldig konsesjon.

Zephyr AS sin søknad om utsett frist for idriftsetting

Zephyr AS søkte i brev av 30.12.2019 om utsett frist for idriftsetting frå 31.12.2020 til 31.12.2023. Zephyr AS grunnjev søknaden om utsett frist på bakgrunn av fleire forhold.

Zephyr AS meiner at det har vore ein alminneleg etablert praksis i NVE å innvilga fem års frist for idriftsetting frå tidspunktet for endeleg konsesjon. Zephyr AS argumenterer vidare med at det må gis vilkår og fristar som gjer det praktisk mogleg å gjennomføra det aktuelle prosjektet.

Zephyr viser til at dei i konsesjonen frå OED fekk pålegg om undersøking av hubro, og at NVE i vedtak av 04.01.2019 påla undersøking fram til og med våren 2020. Zephyr AS meiner det ikkje har vore mogleg å starta arbeidet med miljø-, transport- og anleggsplan (MTA) samt detaljplan før resultatata av hubroundersøkinga føreligg.

Zephyr peikar på at sakshandsamingstida hjå energimyndigheitene har vore lang og at dei har hatt krevjande og langvarig prosess med Statnett relatert til nettilknytning. Dei viser også til at vindkraftverket vil vera lønsamt utan elsertifikat, og at fristen for å rekka elsertifikatorordninga ikkje er relevant for dette prosjektet.

Høyring av søknad

Søknaden til Zephyr AS vart sendt på høyring 06.02.2020 med høyringsfrist 06.03.2020. Det kom inn totalt 40 høyringsinnspel. Tiltakshavar leverte sine kommentarar til høyringsinnspela i brev av 14.04.2020.

37 av høyringsinnspela er negative til at Zephyr AS skal få utsett frist for idriftsetting av Innvordfjellet vindkraftverk, to er nøytrale og ein er positiv.

NVE har valt å samanstillast høyringsinnspela og Zephyrs kommentarar etter tema.

Lokale vedtak

Flatanger og Namsos kommune har vedtatt at dei ikkje ynskjer utsett frist for idriftsetting for Innvordfjellet vindkraftverk utover 31.12.2020.

Trøndelag Fylkeskommune fraråder å gi utsett frist for idriftsetting og oppmodar NVE til å leggja vekt på vertskommunanes haldning til saken.

Fleire av høyringsinnspela sluttar seg til vedtaka gjort av Flatanger kommune, Namsos kommune og Trøndelag Fylkeskommune.

Lønsemd

Fleire meiner at Innvordfjellet vindkraftverk ikkje er lønsamt, blant anna fordi elsertifikatorordninga stoggar i 31.12.2021.

Zephyr AS svarer at lønsemda i prosjektet er betydeleg forbetra dei seinare åra som følge av teknologiutvikling og kostnadsreduksjon. Vindressursen er også betre samanlikna med opphavleg måledata som vart gjennomført i lågare høgde.

Ikkje naudsynt produksjon

Fleire meiner det ikkje er naudsynt å bygga ut meir fornybar energi i Noreg fordi me har nådd politiske mål og har eit overskot av fornybar energi. Motvind Noreg meiner vindkraft er ein variabel produksjonsform som det ikkje er heimel for etter energiloven å gi konsesjon til.

Zephyr AS viser til prognosar frå myndigheitene at behovet for ny fornybar kraft kjem til å auka i åra framover.

Samiske rettigheitar

Fleire meiner utbygginga av vindkraftverk i Flatanger vil føra til skade for den samiske befolkninga, blant anna tapt vinterbeiteareal for rein. Fosen Reinbeitedistrikt meiner Nord-gruppas reindrift er sterkt truga av vindkraftutbygging og vil ikkje tåla at også Innvordfjellet vert bygga ut, sjølv om Innvordfjellet isolert sett har vore av avgrensa verdi for reindrifta.

Konsekvensutgreiing

Fleire meiner at konsekvensutgreiinga til Innvordfjellet vindkraftverk er gamal og mangelfull, og at det er kome ny kunnskap om negative verknadar frå vindkraftverk som ein må ta omsyn til.

Zephyr AS meiner det ikkje er komen til ny kunnskapsbasert informasjon dei siste åra som endrar bilete. Zephyr AS viser til at dei nytta godkjente utgreiingsprogram i 2009/2010 for å innhenta kunnskap.

Turisme

Etablering av Innvordfjellet vindkraftverk vil etter mange sitt syn reduserer moglegheiter for å driva turist og reiselivsverksemd i regionen.

Hubro

Motvind Norge meiner at utfordringar omkring hubro var kjent tilbake i 2010 og det er Zephyr AS som ikkje har jobba nærmare med problemstillinga før dei fekk tilleggsvilkår om hubroundersøking av OED i 2018. Naturvernforbundet i Trøndelag meiner at ei hubroundersøking ikkje er nokon grunn for at Zephyr AS ikkje starta detaljplanlegging og arbeid med MTA frå det tidspunktet dei fekk konsesjon.

Zephyr AS viser til at tilleggsvilkår om hubroundersøking frå OED i 2018 først vart kravd gjennomført i 2018 og 2019. I starten av 2019 vedtok NVE at undersøkingane skulle vidareførast til og med våren 2020. Samtidig er det eit konsesjonskrav at planområdet til vindkraftverket skal vera minimum ein kilometer unna nærmaste reirplass for hubro. Zephyr AS meiner at det er ikkje mogleg å gjennomføra detaljerte planarbeid før resultatata frå hubroundersøkingane er slutført.

Varslingsplikt

Motvind Norge meiner at ikkje alle parter er blitt varsla i samband med høyringa.

Utsett frist for idriftsetting

Fleire meiner at Zephyr AS sjølv må ta ansvar for å ha fått dårleg tid og måtte søka om utsett frist. Dei har ikkje gjort tilstrekkeleg for å nå den opphavlege tidsfristen. Ein tidsfrist skal gjera det forutsigbart for både utbyggar og innbyggarar som vert påverka av tiltaka.

Motvind Norge meiner at Zephyr AS ikkje har krav på forlenga frist ved å visa til forvaltningspraksis, og meiner det vil vera i strid med energiloven og elsertifikatloven.

Mange viser til NVE sitt brev frå 27.11.2019 der NVE skriv at det ikkje vert gitt utsett frist for idriftsetting etter 31.12.2021.

Andre tema

Fleire er bekymra for drikkevatt, fiskemoglegheiter i planområdet, redusert verdi på eigedommar, forstyrring av TV-signal, skuggekast, brannfare, CO₂-rekneskapet til utbygginga, tap av rekreasjonsområde og lysforureining som følge av hinderbelysning om natta.

Fleirtalet av høyringsinnspela omhandlar, etter NVEs vurdering, i hovudsak tilhøve som rettar seg mot konsesjonshandsaminga av vindkraftverket og prosjektets realisering. I handsaming av søknaden om utsett frist for idriftsetting har NVE berre vurdert tilhøve som retta seg konkret til søknaden. NVE minner i denne samanhengen om at anleggskonsesjonen er endeleg. Høyringsinnspel retta mot endeleg konsesjon og prosjektets realisering er etter vår vurdering ikkje relevant for NVE si sakshandsaming av denne søknaden.

NVEs vurdering

Zephyr AS har hatt endeleg konsesjon for å bygga og driva Innvordfjellet vindkraftverk sidan 22.03.2018 og har fram til 31.12.2020 å ferdigstilla vindkraftverket.

Zephyr AS viser i søknaden av 30.12.2019 til fem tilhøve som dei meiner dannar grunnlag for å få utsett frist for idriftsetting av Innvordfjellet vindkraftverk:

- Alminneleg frist på fem år frå endeleg konsesjon
- Pålegg om hubroundersøking til våren 2020
- Særdeles lang behandlingstid hjå energimyndighetene
- Vindkraftverket er ikkje knyta til ordninga med elsertifikat
- Krevjande og langvarige prosessar med Statnett relatert til nettilknytning

NVE viser til at OED si i klageavgjera på Innvordfjellet la dei til eit nytt vilkår om hubro:

«Før bygging av anlegget kan starte opp skal det gjennomføres undersøkelser for å avklare om det er aktive reir og om det er pågående hekking innenfor influensområdet til vindkraftverket, herunder i 1 km-sonen ved Sitter, ved den planlagte atkomstveien fra nord opp til Frøsendalsfjellet og ved området Botnklumpen og Kammen. Dersom aktive reir eller hekking påvises, skal plangrensen trekkes minst 1 kilometer fra reirplasser for hubro, samt at pågående hekking må hensyntas i byggearbeidene.

Tiltakshaver skal også få vurdert om det er ytterligere tiltak som kan redusere faren for hubrolokalitetene i dette området. Tiltakshaver kan i den forbindelse pålegges å bekoste

rimelige tiltak i distribusjonsnettet i området for å redusere faren for elektrokusjon av hubro. Vurderingene skal også inkludere undersøkelser med sikte på å avdekke om planområdet er viktig for næringsøk. Dersom planområdet antas å være viktig for næringsøk, kan det dersom det vurderes som hensiktsmessig, i rimelig utstrekning pålegges å etablere periodevis støtteføring for å redusere eventuelle negative virkninger for næringstilgangen.

Det nærmere opplegget for undersøkelser og tiltak for hubro fastsettes av NVE etter at saken er forelagt miljømyndighetene til uttalelse.

Endringer i plangrensen og avbøtende tiltak for anleggsperioden skal beskrives i detaljplan/MTA for vindkraftverket. Eventuelle ytterligere tiltak for å sikre hubroen i området gjennom driftsperioden kan behandles som egen sak.» (våre understrekninger)

På grunnlag av dette vilkåret godkjente NVE i vedtak av 04.01.2019 framlagt undersøkingsprogram for hubro og satt som vilkår at undersøkinga skulle vara ut våren 2020.

Som det går fram av OED sitt klagevedtak og NVE sitt vedtak om godkjenning av undersøkingsprogram, skal resultatene av hubroundersøkingane ligga til grunn for utarbeiding av MTA og detaljplan. Som ei direkte følge av dei omtala vedtaka, har det ikkje vore mogleg for Zephyr å ferdigstilla MTA og detaljplan før resultatene av hubroundersøkingane føreligg. Det er difor ikkje mogleg for Zephyr å ferdigstille Innvordfjellet vindkraftverk innan 31.12.2020.

Zephyr AS har hatt kortare frist til å realisera Innvordfjellet vindkraftverk, enn det som normalt gis i vindkraftkonsesjonar. Fleire andre vindkraftkonsesjonar gitt etter 2016/2017 har også hatt kortare frist enn fem år for å realiserast. NVE konstaterer at Zephyr var kjent med fristen for idriftsetting var i underkant av tre år då dei valde å gå vidare med prosjektet. NVE har også i brev av 27.11.2019 orientert Zephyr AS om at det er ein høg terskel for å få innvilga søknad om utsett frist for idriftsetting utover 31.12.2021.

NVE meiner kravet om hubroundersøking, slik det er utforma i denne konkrete saka, er eit forhold som er utanfor Zephyrs kontroll. Vi konstaterer i bakgrunn for vedtak for Innvordfjellet datert 12.12.2014 var det i konsekvensutgreiinga gjort greie for at hubro sannsynlegvis hekkar i influensområdet til vindkraftverket, NVE konstaterte vidare i bakgrunn for vedtak at det ikkje syntest å vera reirlokalteter for hubro i sjølve planområdet. Dei foreløpige resultatene frå hubroundersøkingane frå 2018 og 2019 syner ikkje hekking av hubro i planområdet eller langs tilførselsveg. Resultatene frå undersøkingane i 2020 føreligg ikkje per dags dato.

Usikkerheita knyta til om hubro hekkar i planområdet og kortare tid enn fem år på realisera vindkraftverket er argument som NVE meiner bør tilleggast vekt i vurderinga av søknaden om fristutsetting. Desse må likevel vurderast opp mot vårt brev av 27.11.2019 om å ikkje gi utsett frist for idriftsetting utover 31.12.2021.

NVE viser i denne samanheng også til Stortingets vedtak av 19.06.2020.

Etter ei samla vurdering meiner NVE at det ikkje er grunnlag for å fråvika vår praksis om å ikkje gi utsett frist for idriftsetting av vindkraftverk etter 31.12.2021.

Andre relevante forhold

Etter at Stortinget har handsama Stortingsmelding 28 (2019-2020) *Vindkraft på Land*, om konsesjonsprosessen for vindkraftsakar, kan Innvordfjellet vindkraftverk vurderast på nytt av NVE dersom saken vert fremma i tråd med nye konsesjonsprosessar.

Det følger av konsesjonens vilkår nr. 3 at konsesjonen fell bort dersom anlegget ikkje er satt i drift innan 31.12.2020.

Klagerett og orientering

Dette vedtaket kan påklagast, sjå informasjon om rett til å klaga på vedlagt klageark. Zephyr AS skal orientera aktuelle grunneigarar og andre rettshavarar om vedtaket, og informera dei om retten til å påklaga vedtaket. NVE skal ha kopi av Zephyr AS orientering av grunneigarane/rettshavarane.

Med helsing

Rune Flatby
direktør

Arne Olsen
seksjonssjef

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: Klageark

Kopi til:

Flatanger kommune
FOLKEAKSJON MOT VINDKRAFT I NAMDALEN
Fylkesmannen i Trøndelag
NAMSOS KOMMUNE
Naturvernforbundet i Trøndelag
Trøndelag fylkeskommune

Orientering om rett til å klage

Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kor skal du sende klaga?	Du må adressere klaga til Olje- og energidepartementet (OED), men sende den til NVE. NVEs e-postadresse er: nve@nve.no . NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrer vedtaket, vil vi sende klaga til OED.
Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegger klaga før fristen går ut. Klaga kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klaga?	Klaga bør vere skriftleg. I klaga må du: <ul style="list-style-type: none">- Skrive kva for vedtak du klagar på.- Skrive kva for eit resultat du ynskjer.- Opplyse om du klagar innanfor fristen.- Underteikne klaga. Dersom du bruker ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klaga. I tillegg bør du grunngje klaga. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klaga på NVEs vedtak, og klaga er avgjort av OED som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klaga, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klaga ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller OED endrer vedtaket til din føremon, kan du søkje om å få dekka vesentlege og naudsynlege kostnader. Du må søkje om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.

Denne forklaringa byggjer på forvaltningslovas reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.